



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Fossheim, Lom

Dato: 24.11.2023

Tidspunkt: 10:00 - 15:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Edel Kveen	Leder	SKJÅK
Rolv Enersvold	Medlem	LOM
Sonja Øvre-Flo	Medlem	VLFK
Per-Gunnar Sveen	Medlem	IFK

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Jo Trygve Lyngved	Nestleder	SKJALM
Marianne Bugge	Medlem	LUSTER

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Reprenterer
Birgit Bilstad		SKJALM

Merknader:

Øvrige frammøtte:

Navn

Stein Magne Grevrusten

Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 30/23	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 31/23	Mysubytta LVO - Fjerning av plattig - Vedtak om tvangsmulkt - Rita Brekkum		2019/16363
ST 32/23	Strynefjellet LVO - Dispensasjon - Motorferdsel 2024-2027 - Bruk av snøskuter og trakkemaskine - Strynefjellet Sommerski AS v/ Idar Aaboen		2023/14005
ST 33/23	Breheimen NP - besøksstrategi - 2023 - Sluttbehandling		2021/2684
ST 34/23	Breheimen nasjonalparkstyre - Prioritering av tiltak og midlar - SNO-ressurs - 2024		2023/14306
ST 35/23	Delegerte vedtak		
DS 34/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - >Dispensasjon - Søk etter storfe ved bruk av drone - Terje Marstein		2023/10419
DS 35/23	Delegert vedtak - dispensasjon - Mørkridsdalen LVO - helikopter - restaurere Haugsselet på Dulsete - Johannes Hauge		2021/4296
ST 36/23	Eventuelt		

ST 30/23 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 24.11.2023

Edel Kveen Forslag på Birgit Bilstad og Rolv Enersrud til å skriva under protokoll saman med styreleiar.

Behandling

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste er godkjent. Birgit Bilstad og Rolv Enersvold godkjenn protokollen saman med styreleiar.

ST 31/23 Mysubytta LVO - Fjerning av platting - Vedtak om tvangsmulkt - Rita Brekkum 2019/16363

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 24.11.2023

Behandling

Forvaltar informerte om saka.

Vedtak

I styremøte den 24.11.2023 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort vedtak om tvangsmulkt i sak om fjerning av platting i Mysubytta landskapsvernområde. Plattingen er bygd utan løyve på Mysubyttvegen 545 av Rita Brekkum, Bråtåvegen 995, 2693 Nordberg.

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek at dersom platting som er sett opp i tilknytning til seterhuset på Mysubyttvegen 545 ikkje er fjerna innan 01.08.2024, vil det bli kravd tvangsmulkt på kr. 500 pr. dag inntil plattingen er fjerna.

Sjå tidlegare vedtak om retting (2015/5516), og beskriving av gjennomføring på den siste sida i dette dokumentet som forklarar kva som må gjerast for at rettinga skal bli godkjent. Dette vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 73.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

ST 32/23 Strynefjellet LVO - Dispensasjon - Motorferdsel 2024-2027 - Bruk av snøskuter og trakkemaskine - Strynefjellet Sommerski AS v/ Idar Aaboen 2023/14005

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 24.11.2023

Edel Kveen

Transport av arbeidsfolk ut av området kan likevel unntaksvis utførast på søndagar etter kl. 18:00 før og etter 20 april.

Behandling

Styreleiar gjekk gjennom innstillinga frå sekretariatet. Styreleiar bad møtelyden om å vurdere om ein kunne opna for uttransportering av eksterne dugnadsfolk på søndagar etter eit vist klokkeslett.

Rolv Enersvold ynskja ein god middelveg for at søkjar skal klara å lukkast med bedrifta, samtidig som nasjonalparkstyret skal ivareta verneverdiane, som her er villrein. Villrein er ikkje avhengig av at motorferdsla ikkje skjer på søndagar.

Sonja Øvre-Flo ynskja ei balanse mellom dei ulike interessene. Dersom ein kan imøtekome søkjar på å køyre uttatt på søndagar er det bra, og etterspurde om det var imøtekome søkjar på noko måte.

Forvaltar fortalde at det er same tal turar før 20 april som tidlegare år, men etter 20 april er lagt opp til ekstra turar. Moglegheita til motorferdsel i dette løyvet er likt som for våren 2023.

Per-Gunnar Sveen meina at det er ei spesiell verksemd med tanke på kort varigheit og sesong, og forstår på søkjar at det er ei krevjande verksemd med den aktiviteten og området. Det er klårt motstridande interesser, villrein er hovudomsynet til nasjonalparkstyret. Ein skapar presedens med å opne opp på søndagar, men hovudomsynet vert ivareteke. God innstilling frå sekretariatet, denne imøtekjem begge interessene.

Styreleiar meinte at forslaget til opning av uttransport av arbeidsfolk på søndagar etter kl.

18.00, ikkje skapa presedens då det var ulikt formål når det kom til andre næringar og søkjars sitt behov. I denne saka gjeld det uttransport av arbeidsfolk knytt til ei spesiell verksemd, og det finns ikkje liknande næringar som er i same situasjon i området. Styreleiar meinte at kunnskapsgrunnlaget er godt, og at ei slik opning for transport av arbeidsfolk etter kl. 18.00 ikkje vil påverke verneverdiane eller verneformålet nemneverdig. Ei endring av innstillinga på dette punktet vil ikkje påverke den samla belastninga på området. For villreinen sin del betyr det ikkje mykje om transporten skjer på ein sundag kveld eller måndag morgon. Det blir difor ikkje nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet i saka. Løyve til transport etter kl. 18.00 på sundagar ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar blir dette sikra gjennom vilkåra i saka.

Styreleiar kom med forslag om å legge til ei tilleggsformulering sjå forslag 1.

Rolv Enersvold er einig med Edel Kveen om presedens, og stiller spørsmål om styret kan bestille SNO til å fylgje ekstra med på motorferdsel i området etter 20. april. Då for å fylgje opp med kontroll og tilsyn med villrein.

Forvaltar fortalde at bestilling av SNO ressursar til tilsyn og kontroll har styret anledning til å gjera.

Styreleiar sitt forslag vart einstemmig vedteke.

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 24.11.2023 gjeve Strynefjellet Sommerski AS v/ Idar Aaboen løyve til transport av personell, materiell og utstyr som er nødvendig for drift av skisenteret. Vedtaket er fatta med heimel i verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 6.3 bokstav i.

- Følgjande vilkår gjeld for løyvet i perioden til og med 20. april:
 - Bruk av trakkemaskin: Inntil 6 tur/retur pr. år.
 - Bruk av snøskuter: Inntil 25 turar/returar pr. år for frakt av materiell og arbeidsfolk. Det blir rekna 1 tur pr. køyretøy som deltek på turen.
 - Løyvet gjeld fram til og med 20. april, men ikkje sundagar og heilagdagane i påska.
- Følgjande vilkår gjeld for løyvet i **perioden frå og med 21. april:**

- 1 tur/retur pr. veke for frakt av materiell og arbeidsfolk. Det kan brukast inntil 4 snøskuterar og desse skal køyre **samla** til og frå skisenteret.
 - Løyvet gjeld ikkje sundagar og eventuelle heilagdaggar.
 - Løyvet gjeld berre fram til vegen er farbar frå Videseter
- Felles vilkår for alle transportane:
 - Løyvet gjeld for åra 2024 og 2025.
 - Oversikt over køyretøy som skal nyttast i perioden må leverast til forvaltninga før sesongen startar.
 - Køyretrase: Frå utløpsosen på Heillstuguvatnet (grensa for Strynefjellet landskapsvernområde) langs Strynsfjellsvegen, eller langs nordsida av Heillstuguvatnet til vestenden og opp til vegen vidare langs Strynsfjellsvegen frå Vargevasskulane – til Langvatnet – langs nordsida av Langvatnet/vegen til vernegrensa.
 - Ved bruk av fleire køyretøy, og under returane, skal det brukast same køyretrasé slik at ein unngår fleire køyrespor ved sida av kvarandre og ut frå trasé.
 - Køyringa kan utførast utan leigekøyrar, men personellet skal vera tilknytt Strynefjellet Sommerski AS.
 - Transport av arbeidsfolk ut av området kan likevel unntaksvis utførast på søndagar etter kl. 18:00. før og etter 20 april.
 - Motorferdsla skal avgrensast til det som er strengt nødvendig. Køyring skal skje med aktsemd for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og friluftsliv. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen og transporten skal **avbrytast/stoppe** dersom det er villrein i køyreruta. Transporten kan fortsetje når villreinen har trekt bort frå området.
 - All transport skal varslast Statens naturoppsyn Breheimen (Jo Trygve Lyngved: 99240416) før kvar tur på SMS. Naturoppsynet vil også gje informasjon om det må takast ytterlegare omsyn til verneverdiar i området. Statens naturoppsyn Breheimen vil følgje opp med overvaking og forvaltar kan stoppe transporten om det viser seg at fostringsflokkane har tilhald i traséområdet fram mot og under kalving.
 - Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten. Køyrebok skal yllast ut før kvar tur og liggje i køyretøyet under turen saman med løyvet.
 - Køyrebok skal sendast forvaltningsmyndigheita innan 1. juni kvart år for åra 2024 og 2025.
 - Breheimen nasjonalparkstyre kan trekke attende eller endre vedtaket/vilkåra, dersom føresetnadane for løyvet endrar seg.

Me gjer dykk merksam på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Strynefjellet landskapsvernområde. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

2.Merking/stikking av løype i samband med drift av Strynefjellet Sommerski AS:

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 24.11.2023 gjeve Strynefjellet Sommerski AS v/ Idar Aaboen **avslag** på søknaden om merking av trase mellom Grotli og Strynefjellet Sommerski. Vedtaket er fatta med heimel i verneforskrift for Strynefjellet landskapsvernområde § 3 pkt. 1.1.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

ST 33/23 Breheimen NP - besøksstrategi - 2023 - Sluttbehandling 2021/2684

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 24.11.2023

Behandling

Styreleiar fortalde om informasjonsmøte og møte i rådgjevande utval kor besøksstrategien vart lagt fram og diskutert. Forvaltar gjekk gjennom innspela, og viste til konkrete endringar i besøksstrategien som låg til innstilling til vedtak.

Styreleiar ytra ynskje om at miljødirektoratete må laga til haldnings- og opplysningskampanjar om allemannspliktene og -retten.

Rolv Enersvold såg til innspela frå Nasjonalparkriket reiseliv og Visit Jotunheimen om dialogmøte og konkret innspel på tidsintervall som positivt. Det vil vera ein vinn-vinn situasjon for nasjonalparkforvaltninga og reiselivet.

Per-Gunnar Sveen viste til at det er eit godt kunnskapsgrunnlag for strategien.

Brukarundersøkinga viser at det er ein del utanlandske besøkande, og ein informasjon må også tilpassast den brukargruppa.

Rolv Enersvold påpeika behov for revidering då det er ynskjeleg at dette ikkje vert eit dokument som ikkje vert nytta i det faktiske arbeidet.

Vedtak

I styremøte den 24.11.2023 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort følgande vedtak:

Med heimel i pkt. 8.2 i vedtektene for Breheimen nasjonalparkstyre blir «Besøksstrategi for verneområda i Breheimen» godkjent med dei endringane som er synleggjort i besøksstrategien. Besøksstrategien blir sendt til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

ST 34/23 Breheimen nasjonalparkstyre - Prioritering av tiltak og midlar - SNO-ressurs - 2024 2023/14306

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 24.11.2023

Behandling

Forvaltar informerte om behov, tiltak og prioritering.

Rolv Enersvold etterspurde meir informasjon om til dømes alle skjøtselstiltaka måtte gjennomførast kvart år, då skjøtselstiltaka krev eit aukande beløp. Det syner seg at Breheimen ikkje får tildelt den mengda med midler som vert søkt om kvart år, og styret må prioritera. Det kan henda at det vert eit spørsmål om ein får gjennomført andre type tiltak.

Per-Gunnar Sveen fylgde opp innspelet og etterspurde effektvurdering av skjøtselstiltaka.

Forvaltar informerte om kva vurderingar som ligg til grunn for nokre av skjøtselstiltaka, samt bevaringsmål, og viste til eksempel i Høydalen og Mørkridsdalen.

Vedtak

1. Breheimen nasjonalparkstyre sluttar seg til at det blir søkt om tiltaksmidlar for 2024 via Miljødirektoratets elektronisk søknadssenter (ESS) i tråd med tiltaksplanen i saka. Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i bestillingsmøte 2 i februar/mars 2024, etter tildeling av midlar frå Miljødirektoratet.

Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på tiltaksplanen dersom dette viser seg naudsynt fram mot innmeldingsfristen den 10. januar 2024. Sekretariatet orienterar styreleiar om eventuelle endringar i tiltaksplanen fram mot innmeldingsfristen.

2. Breheimen nasjonalparkstyre tek skjema om SNO-ressurs til orientering. Nasjonalparkstyret vil påpeike at det er viktig at verneområda i Breheimen får tildelt ressursar til oppsyn på linje med tidlegare år.

ST 35/23 Delegerte vedtak /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 24.11.2023

Behandling

Delegerte vedtak vert teke til orientering

Vedtak

ST 36/23 Eventuelt /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 24.11.2023

Behandling

Edel Kveen orienterte om prosjektet Bærekraftig sameksistens mellom jerv og sau i utmarka, og at det kan vera aktuelt for nasjonalparkstyret for Breheimen å verta orientert om arbeidet i forbindelse med eit styremøte på nyåret.

Vedtak